



NOTAT

Frå: Rune Sjugard

Sak: Lokalisering av administrative kontorarbeidsplassar Nye Volda

Arkivsak nr.	Løpenr.	Arkivkode	Avd / Sakshandsamar	Dato
2018/1921	2192/2019	034	ADM/RUNSJU	08.03.2019

NYE VOLDA - BRUKEN AV SMIA ETTER KOMMUNESAMANSLÅINGA

I rimeleg tid før samanslåinga av Hornindal og Volda må det avklarast kva tenester som skal vere tilgjengelege frå dagens i kommunehus i Hornindal, Smia. Dette har så vidt vore drøfta i fellesnemnda 18.10.18 på bakgrunn av eit diskusjonsnotat frå prosjektleiar. Diskusjonsnotatet vakte ein del engasjement. Det var i forkant avklart at prosessen skulle gå vidare med eit konkret forslag som skal sendast på høyring til dei tilsette sine organisasjonar, samt opne for innspel frå andre.

Intensjonsavtalen slår fast at Volda sentrum er kommunesenteret i den nye kommunen. Avtalen seier m.a. at: «*Kommunale administrative arbeidsplassar skal så langt det er praktisk mogleg fordelast etter folketal. For å få til dette vert områdeorganisering lagt til grunn som prinsipp*».

Skular, barnehagar, helse-/legesenter og omsorgsinstitusjonar vil liggje der dei ligg i dag, og vert ikkje røyvd av kommunesamanslåinga. Desse representerer ei form for områdeorganisering. Det er ei dei administrative tenestene og administrasjonen som får størst endring når ein slår saman kommunar.

Dette notatet konsentrerer seg om kva tenester som skal vere tilgjengelege på Smia som i dag er kommunehuset til Hornindal kommune. Det er dette som er det sentrale for innbyggjarane. Kven som skal jobbe kvar og korleis vi skal løyse plassutfordringane er noko administrasjonen må finne løysing på innanfor den nye kommunen sine eigne lokale i samarbeid med dei tilsette. Det kan også vere aktuelt med individuelle avtalar med enkelte tilsette ut frå særskilte omsyn.

Det er viktig å merke seg at når vi vert ein kommune, så skal ein som tilsett tene heile kommunen ut frå dei samla retningslinene og praksis som gjeld for heile kommunen. Dette gjeld uansett kvar ein har lokalisert kontoret eller arbeidsplassen sin. Kommunen vil ha ei sentralkjerne for arkiv, servicemottak og journalføring mv. Da intensjonsavtalen var handsama hadde ikkje prosessen med ny organisering starta opp. Ein såg ikkje på det tidspunktet korleis ein praktisk kan byggje opp tenestene, og kva som vert praktisk gjennomførleg. Dette har også intensjonsavtalen teke atterhald om.

Eit viktig poeng med kommunesamanslåing er å redusere sårbarheit og etablere gode faglege tenestemiljø. Kommunen skal også utnytte ressursane godt og drive effektivt. Det vil vere vanskeleg å tenkje tenesteorganisering ut frå eit likefordelingsprinsipp for administrative arbeidsplassar. Dette vil ikkje vere praktisk mogleg utan at ein operer med to rådhusmiljø. Da vil ein ikkje få til det heilskaplege perspektivet der tenestene skal ytast til alle innbyggjarane i kommunen. Kommunesamanslåing er kanskje den største endringa eit lokalsamfunn vil oppleve, og ein må som innbyggjar også vere budd på endring. Det overordna er at endringa skal overordna sikre at ein får gode tenester og at kommunen utnyttar ressursane på ein god måte.

Ein bør samtidig ha forståing for at Hornindal som del av nye Volda har ynskje om at det er aktivitet og arbeidsplassar som kan vere på Smia. Her bør ein finne ei balanse mellom kva som er praktisk mogleg, som tener behovet til innbyggjarane, det heilskaplege tenesteperspektivet og samfunnsutvikling.

Ein har skaffa seg litt erfaring om dette med behov for tenester og tilgjengelegheit i det samarbeidet som har vore med Ørsta kommune om landbrukskontor. Der har det som utgangspunkt vore kontordag ein fast dag i veka. Det sentrale er å dekkje behovet til innbyggjarane, og her bør ein også ha fleksible løysingar.

Servicekontoret har etter nyttår kartlagt fysiske oppmøte til Smia for ein periode på 31 dagar. Tabellen nedanfor viser kor mange besøk det er gjennomsnittleg pr dag fordelt på ulike tenester:

NAV	Teknisk	Landbruk	Bibliotek	Frivilligsentral	Andre	Totalt
3	1,4	0,4	1,4	0,3	3,8	10,7

Kartlegginga er gjort over ei kort periode, men viser likevel ein tendens. Kartlegginga har svakheiter i seg ved at den ikkje skil mellom eksterne kontakter og intern kontakt mellom kommunale funksjonar. Det som kjem under kategorien andre er Kyrkja sitt kontor, ordførar, administrative leiarar og servicekontoret.

Utviklinga går i retning av at fleire tenester vert digitalisert og det vert færre som møter fysisk på kommunale kontor. Her er vi tidleg i startgropa, og det er kommunar som har kome mykje lenger i denne utviklinga. Teknologien er der. Nye Volda skal ha digitalisering som satsingsområde, og om nokre år vil mykje verte endra også her. Derfor er det viktig å vere dynamisk og tilpassingsorientert, slik at ein organiserer tenestene ut frå kva som tener innbyggjarane til kvar tid. Dette kan også innebere at dei som skal serve desse tenestene også kan kombinere dette ved også å ha kontordagar på Smia.

Dei sentrale funksjonane som vil vere naturleg å ha ei fast ordning på frå Smia er:

- Landbrukstenester/landbrukskontor
- Byggjesakshandsaming
- Kart/oppmåling
- Reguleringsplanlegging

Eg vil rå til at desse tenestene vert tilgjengelege 1 dag i veka og elles etter behov. Fast vekedag kan vere den same eller ulik for dei ulike tenestene ut frå kva som er praktisk tenleg. Det er viktig med forutsigbarheit, slik at ein veit når ein kan gjere avtaler. Primært bør desse faste dagane samsvare med opningstida til servicekontoret, og at ein utover dette kan gjere eigne avtaler.

Bibliotek og frivillegsentral held fram i sine lokale på Smia.

Det vert foreslått at Smia skal vere heildagsopen med mottaksfunksjon for innbyggjarar og publikum måndag, onsdag og fredag. Dette inneber ein utstrakt servicefunksjon frå sentralbasen i den nye kommunen, slik at ein representerer heile kommunen uavhengig av kvar ein arbeider frå. Servicemedarbeidaren må mellom publikumskontakten jobbe med konkrete sakshandsamingsoppgåver.

Møtelokala på Smia vil verte brukt til ulike arbeidssamlingar og møteaktivitet for administrasjon og politiske utval i nye Volda. Kontor vil også etter behov verte brukt som avlastingskontor og for å ha skjerming til utgreiingsarbeid.

Samanslåing av Volda og Hornindal kyrkje er ein eigen prosess med kyrkjeleg fellesnemnd og prosjektleiar. Prosjektleiar for nye Volda Kyrkje seier følgjande om dette: *«Når det gjeld tilgang til kontor i Hornindal ser vi ikkje for oss eit fast kyrjekontor, men det å ha høve til å nytte eit kontor med ein arbeidsplass med internettilgang. Det kan vere aktuelt å nytte dette dersom tilsette har heile arbeidsdagar i Hornindal i samband med t.d. gjennomføring av trusopplæringsprogrammet, deltaking på møte i Hornindal sokneråd og evt. samtalar med prest knytt til dåp, vigslе og gravferd. Med andre ord er dette eit kontor vi kan dele med andre og booke etter behov».*

Nye Volda vil ha felles NAV-kontor med Ørsta kommune. Prosessen for å få dette på plass er i gang og leia av NAV-leiaren for NAV Volda og Ørsta. Det er lang avstand til Grodås og brukarar frå Hornindal må få ytt tenester på Grodås. Korleis dette skal organiserast vert å avklare i prosjektet som er i gang. Det bør vektleggjast å finne ei mest tenleg løysing, men der dette vert å kome attende til i samband med handsaming av samarbeidsavtalen for NAV-kontor mellom Ørsta kommune og nye Volda.

Fellesnemnda har vedteke at sysselsetting er eitt av satsingsområda i den nye kommunen. Dette inneber å tilretteleggje for næringsutvikling og skape arbeidsplassar. Det har kome initiativ frå næringslivet om at det er interessant dersom ein kan byggje opp eit næringsfagleg miljø av ulike bedrifter på Smia. Smia utvikling er allereie etablert der i tillegg til at det er planlagt fast opningstid for landbrukskontor. Det vil vere fornuftig å utnytte kapasiteten for å få inn andre bedrifter som kan byggje oppunder næringsmiljøet innanfor landbruk, reiseliv og naturbasert næringsliv. Dette miljøet kan med fordel vere ei blanding av godt etablerte og nyetablerarar. Eg vil foreslå at ein arbeider med sikte på å kunne få til næringsetablering på Smia i tillegg til dei kommunale tenestene som er skissert i dette notatet.

Vurderingane ovanfor er gjort ut frå ei balansering mellom det å ha tilgjengeleg sentrale tenester, økonomiske omsyn og med fokus på samfunnsutvikling.

Ordninga med kommunale tenester vert å evaluere etter 2 år.

Dette notatet vert sendt på høyring til dei hovudtillitsvalte. Vidare vert det kunngjort i Fjordingen at innbyggjarar kan kome med innspel. Deretter vert det lagt fram sak for fellesnemnda som gjer vedtak.

Volda, 08.03.19

Rune Sjugard

